



Elektrovakuum As
Postboks 1058
1787 HALDEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/678 - 17/9061

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2017

Løyve til oppføring av fasadeskilt - gbnr 141/23 Kvamme nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 127/17

Tiltakshavar: Norsk Butikkdrift As
Ansvarleg søkjar: Elektrovakuum As
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppsetting av reklameskilt på ein fasade av bygget på gbnr 141/23. Søknaden er knytt til omprofilering av bygget ved etablering av ny butikkdrift. Skilta skal i hovudsak plasserast der det tidlegare har stått skilt.

Det vert vist til søknad motteken 22.02.2017:

Følgdebrev

Søknaden gjelder utskifting av 2 stk virksomhetsskilt på fasade for Matkroken (1 stk fasadeskilt og 1 stk uthengsskilt). Årsaken til omskiltingen er at butikken bytter navn til Matkroken.

Beskrivelse:

Uthengsskilt (A): Aluminiumsskilt med PVC front i rødt og hvitt. Innvendig belyst med LED. Lystett sarg, lyser kun rett frem.

Fasadeskilt (B): Frittstående bokstaver. Innvendig belyst med LED. Lystett sarg, lyser kun rett frem.

Uthengsskiltet er plassert 2,5 meter over bakken.

For dimensjoner og mer info, se vedlagte skiltforslag.

Vi anser at naboer i liten grad vil bli berørt av tiltaket, og søker derfor om fritak for nabovarsel.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.02.2017, og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne datoen; det vil seia 15.03.2017. Overskriding av fristen i 3 vekerssaker fører ikkje til reduksjon av gebyr.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som næring. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Søkar har vurdert det som unødvendig.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i fotoillustrasjon motteken 22.02.2017

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Privatrettslege tilhøve

Løyve til omsøkte tiltak føreset at tiltakshavar har dei private rettane til å søkja om og føra opp skilt på bygget. Ansvarleg søkar har sendt inn fullmakt frå tiltakshavar.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av reklameskilt på fasade på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i fotoillustrasjon mottatt 22.02.2017, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/678

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om arbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Norsk Butikkdrift As

Postboks 21
Haugenstua

0915

OSLO

Mottakarar:

Elektrovakuum As

Postboks 1058

1787

HALDEN